



Innsendt: 26.06.2024 15:13

Ref.nr: ILYXHN

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn EDMUND AUSTIGARD
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Høyringsvar til NVE Sak:Regulering av Kaldavatnet og Bøen 3 kraftverk Registreringsnummer: 8977.Saksnummer:202224776 Me som skriv dette takkar for høve til å gi innspel på søknaden om regulering av Kaldavatnet og Bøen 3 kraftverk. Me er ivrige brukarar av heiaområdet og vassdraget det er snakk om. Vassdraget som er søkt regulert har sitt utspring i fjella aust og sør for Fiskeløys. Frå Fiskeløys renn vatnet ei kort strekning ned til Vasstølsvatnet, derfrå vidare ned til Kaldavatnet, kor åa (Bønaråna) følgjer Bønardalen nedover mot Kro og Røgle. Strekket mellom utspringet og Røgleleite er i dag urørt. Truleg det einaste større urørte vassdragsstrekke i Hjelmeland kommune, og eit av dei få i Ryfylke. Det er etter vårt syn dette som står på spel i denne saka. Kort om hovudpunkta våre: oMe er redde for at det inngrepet det er søkt om vil øydelegge det som i dag er ei naturperla. Om me drøymmer om å gi dei neste generasjonane ei oppleving av urørt landskap og vassdrag verkar det kritisk viktig å redde dette vassdraget frå inngrep. oMe kan vanskeleg sjå at denne utbygginga kan forsvarast mot styrande dokument som Naturavtalen frå 2022 og Miljødirektoratet sin vegleiar for arealplanlegging. NVE som statleg myndigheitsorgan pliktar å følge styringsdokumenta sine målsettingar. oBiologisk mangfald og natur vil bli påverka i fleire fasar gjennom utbygging og drift. Viktig biotyp for auren vil bli

tørrelagt og øydelagt. Saman med vekslande vasstand er det uvisst om aurebestanden vil overleva.

oDen visuelle og reelle opplevinga av området vil bli rasert fordi ei oppdemming og vekselvis nedtapping vil skape eit daudt strandbelte på 30 meter til kanskje opp mot 50 meter. Den markante Høylandsholmen vil bli landfast saman med store delar av den austre enden av vatnet.

oDen vekslande vasstanden og det svært breie strandbelte vil tørrelagge dei tradisjonelle fiske- og garnstadane og gjere det vanskeleg å handtere båt.

oBønaránå mellom Kaldavatnet og Røgleleite er viktig for den heilskaplege opplevinga av landskapet. Eit tørt elveleie ved sida av ei brei røryrgata og ein anleggsveg dimensjonert for tunge køyretøy vil rasere heile Bønardalen.

Meir utfyllande om punkta over:

oI Naturavtalen frå 2022 har Norge plikta seg til å verna 30% av alle land- og havområde og restaurera 30% øydelagt natur innan 2030. 30-prosentmålet har som føremål å verna artsmangfald og beskytta naturmiljøet. I dette ligg også at 30% av innsjøar og elver skal vernast. Handheving av denne plikta ligg både hjå NVE og Hjelmeland kommune som statleg myndigheitsorgan og lokaldemokrati. Dette er ei tung plikt å forvalte og det krev kunnskap om dei naturmiljøa som vil bli sterkt og irreversibelt påverka av dei vedtaka som blir fatta.

•Samanhengande naturområde i arealplanlegging. I Miljødirektoratet sin vegleiar for arealplanlegging står det:

«Kommunen bør vere merksame på store, samanhengande naturområde, for eksempel ved planar om inngrep som kan føra til at areal blir splitta opp». Ei utbygging av Bøen 3 vil splitta eit urørt naturområde med ein demning og eit regulert vatn med reguleringshøgde på 2 m (+0,3/-1,7). Nedover dalen vil ei tørrelagt elv og ei røryrgate på minimum 6 m splitte opp natur og legge beslag på ein verdifull myr-biotop på Røgle der kraftstasjonen skal stå. Varierende vasstand vil avskjere gyteplassar og beiteområde for innlandsauren og for stadeigen småaure som har sin tilhaldsstad i Røgleløgjen. Grusvegen som går inn på nordsida av Bønardalen stoppar nedanfor Kaldavatnet. Derfrå er landskapet innover mot Kaldavatnet og vidare nordover, sørover og austover urørt. Særleg sørover og austover finst det lange samanhengande område av urørt natur. Ved å øydelegge den naturlege strandlinja i Kaldavatnet vil skaden vere synleg frå store deler av dette område og slik bryte opp ei oppleving av samanhengande urørt natur.

•Biologisk mangfald og natur vil bli påverka i fleire fasar.

oAnleggsfasen med tunge maskinar og lastebilar, mogleg sprengearbeid og auka trafikk i eit elles veldig avskjerma og stilt område.

oDriftsfase. Opp-, og nedregulering av vasstand, tørrelagging av Kroånå og Røgleløgjen samt lysforureining i eit område utan straum og lyskjelder kveld og natt.

Artsmangfaldet ved Kaldavatnet og langs Bønaránå ned til Røgleløgjen er rikt. Rundt Kaldavatnet finst det vanlegvis eitt til to rypekull årleg. Frå april til starten av juni leikar orrhanen på mange av knausane ved og rundt Kaldavatnet og utover Bønardalen. Dette er unikt fordi Ryfylke er av dei plassane der orrhanen leikar på ein liten fjelltopp i motsetning til på austlandet der orren samlast på store breie myrar.

Artar som er vanlege rundt Kaldavatnet og langs Bønaránå, utanom småfuglane, er Strandsnipe (hekker ved vatnet), Rødstilk (NT), nær truga etter Artsdatabanken si raudeliste i 2021, hekker i nærområdet, Heilo (hekker i nærområdet), Fossefall (hekker i innlaupsosen (Vassdølsåna) og i utlaupsosen i nordvest) og smålom (Kaldavatnet er viktig fangstbiotop). Storlom er observert tidlegare år, men hekkar då truleg i nabovatnet Vassdølsvatnet. Elles har kongeørn fast rute for næringssøk i nordvestre delen av Kaldavatnet. Hegre og trane er observert i våtmarksområde rundt Røgleløgjen. Elg har fast vandringsrute langs fleire deler av Kaldavatnet og Bønaránå. Hjort, elg og rådyr trekkjer ned til åa på kveldstid for å drikka, til dømes nede på Kro.

oLang tradisjon for fiske etter aure. I Kaldavatnet og Bønaránå finst aure og ål. Fiske etter aure har bevisleg vore ei næring i området i fleire hundre år. Folk frå Årdal har drive ein kombinasjon av garnfiske, fiske frå land med stang og haustfiske med ruse og stang i åa mellom Vassstølsvatnet og Kaldavatnet og nedover langs Bønaránå. Lenge var

dette fiske eit naudsynt tilskot til vintermaten. Auren blei sløyd og boren ned til bygdars for salting og lagt på tønner. Etter krigen har dette fiske blitt eit tilskot til matbordet meir enn naudsynt, men den gamle tradisjonen er halden ved hevd. Oppover langs Bønaråna og rundt Kaldavatnet finst det fleire eldre spor av denne kulturen, mellom anna fleire landsskapsnamn.

Vår vurdering er at reguleringa og utbygginga det er søkt om er så inngripande at det vil øydelegga området som tur- og friluftsområde. Dei opplevingane ein før har hatt i området vil skjemmast av fysiske inngrep og sår, unaturlege og breie strandlinjer, tørt elveleie og dessverre eit redusert fugle- og dyreliv i tillegg til eit redusert artsmangfald. Me meiner det er eit stort spørsmål om auren vil overleva den reguleringa som er tenkt. Alt i alt meiner vi den totale samfunnskostnaden ved å regulere og bygge ut Bøen 3 Kraftverk ikkje kan forsvarast på nokon som helst måte. Heller ikkje samfunnsøkonomisk. Kraftverket skal gi i overkant av 4 Gwh, noko som gir straum til noko over hundre bustadar med eit gjennomsnittleg årleg forbruk. Vi ber derfor om at søknaden blir avslått.

Årdal 26. juni 2024

Anita Austigard, Eldfinn Austigard, Jarl Austigard, Knut Børge Nummedal, Edmund Austigard

Høringsuttalelse som vedlegg

Høyringsssvar til NVE.pdf

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder